



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for april 2009. Årgang 44

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Johan Ole Brandal
Visepres:	Oddvar Haugen
Sekretær:	Trygve Riise
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Åge Nytun
Styremedlem:	Magnar Hatløy
Styremedlem:	Vigdis Riise
Ansv.red.:	Jostein Strand
Referent:	Jostein Strand

Fødselsdagar i april.

Håvard Myrene	01. April
John Stennes	03. April
Bjørn H. Holstad	04. April
Aage Nytun	06. April
Arne G. Grimstad	11. April
Aud Grimstad	12. April

100 % frammøte i mars:

Frammøteporsent i mars: 66,7 %

Jeg velger meg april

I den det gamle faller,
i den det ny får feste;
det volder litt rabalder,-
dog fred er ei det beste,
men at man noe vil.

Jeg velger meg april,
fordi den stormer, feier,
fordi den smiler, smelter,
fordi den evner eier,
fordi den krefter velter,-
i den blir somren til!

Bjørnstjerne Bjørnson

Mandag 20. april 2009

President Johan Ole Brandal opna møtet med allsong: No livnar det i lundar...

Etter å ha gratulert april-fødselsdagsborna minne han om Intercitymøte om samferdsel i Aasen-tunet 21. april. Rotary har blitt bedd om å vere med på guida tur på Rotarystien i samband med Opplev Hareid 4. juli, Johs. J Hareide vil vere ypperleg guide der. Etter litt drøfting fram og tilbake om kven som ikkje kunne når, vart det sagt at vi må kome tilbake med ein dag i juni for opptak av nye medlemmer.

Så til programmet for kvelden:

Egil Utgård: Attersyn – liv og virke

Egil heldt eit svært interessant attersyn over livet sitt så langt.

Han ættar frå Hundeidvik (faren Toralf Utgård) og Ikornes (mora Hanna). Foreldra gifte seg i 1936 og flytte til Trondheim, der først Anne Karin og så Egil vart fødd (i 1939). I 1941 flytte familien til Hareid, der Toralf begynte som møbeltapetserar på Erstadfabrikken i Vollebuda. Første åra vaks Egil opp i Maggi-huset i Me-gata, og skildra tida der som eit eldorado med leik i fjøra. Søstrene Turid og Elisabet vart fødde der. I 1950 flytte dei på Brekkebakken, fram til dei på midten av 50-talet flytta inn i nybygd hus med fabrikk i 1. etasjen i sentrum.

Toralf og broren Peder Utgård starta i 1946 møbelfabrikk i Hundeidvik, og Toralf starta også for seg sjølv i Gjerdekjellaren i 1950. Toralf sluttar etterkvart i fabrikken i Hundeidvik og konsentrerte seg om drifta på Hareid.

Egil gikk realskule på Hareid, handelsskule(?) på Stranda og gymnas på Molde, ferdig i -61. Etter gymnaset var han 3 år lærarvikar og vurderte læraryrket, men etter nokre år i Oslo kom han tilbake til familiebedrifta og tok etterkvart over Utgård Møbler. I 1964 gifte Egil seg med Inger Karin Moltu frå Tjørvåg, dei bygde hus på Teigane og fekk 4 born: Tor Arne, datter, datter og Anders. Seinare har 11 barneborn kome til. Dei har hatt tradisjonell arbeidsdeling i heimen, Inger har tatt seg av born og heim, Egil har vore forsørgjaren.

I 1962 bygde Utgård Møbler ny fabrikk i 2 etasjer ved strandkanten i sentrum, og ei 3. etasje vart påbygt i 1967. I 1975 vart første byggesteg på Elvestad i Hareidsmyrane innflytta. I 1980 vart produksjonshallen der dobla, og i 1984 kom nytt administrasjonsbygg. I tillegg vart ei ny produksjonsutviklingsavdeling starta i 1988. Møbelproduksjonen starta med få modellar, men auka etterkvart. Salongen Milano vart ein suksess, og omsetninga auka frå 4 mill. kr. i 1976 til 11 mill. kr. i 1977. Seinare kom fleire suksess-modellar, og årsomsetninga auka frå 350.000 til 60 mill. kr.. Bedrifta gikk frå å vere ei kjellarverksem til å bli ei av Europa sine mest moderne bedrifter for stoppa møblar.

Rundt 1975 tok verftsindustrien av, og det vart kamp om arbeidskrafta. Egil skildra arbeidsdagen som svært interessant, men krevande og hektisk. I 1994 kom sonen Tor Arne heim for å ta over, men ga seg etter 2 år. Etter kvart begynte Egil si helse å svikte, og påska 1996 bestemte han og Inger seg for å selje bedrifta. Men 3. påskedag kom Jens Petter Ekornes med tilbod om å leige lokala, og Ekornes-konsernet kjøpte inventar og varelager, tok over arbeidsstokken og modellane og leiger lokala med Utgård Holding AS. Egil sjølv batt seg til å vere leiar for produktutviklingsavd. i 3 år. Då tok han den tunge, men rette avgjerd om å gi seg. Etter å ha hatt 6 sommarferiar på 35 år, kan han no styre dagane sjølv.

Egil har mange interesser utanom møbelproduksjon. Han er fotballinteressert og prøvde seg som aktiv, men ga seg etter nokre få A-kamper. Musikaliteten har han gjort meir med. Han lærte pianospeling hos Svan (Svanhild Rise), og har spelt trompet i Melshorn og fleire danseorkester. Han var i mange år aktiv i styret i Hareid idrettslag, og var m.a. initiativtakar til Fotbladet. I mange år var han med i styret i Møregruppa (møbel), 4 år som formann og 4 år som nestformann. Og han var med-initiativtakar til og investor i oppstartinga av Hareid Hotell. I 1992 var han med å starte Tverrpolutisk gruppe i Hareid og sat 1 periode i kommunestyret. Men denne styreforma vart for treg for ein gründer-type!

No er det familien og vene som står i høgsetet. Hytta på Mysusæter blir mykje brukt, og fine fjellturar med kamerat-gjengen er årvisst. Han hjelper borna med hus- og båtbyggjing, og han har laga seg snekkarbud heime og kjøpt seg båt. Aktiviteten er framleis på topp, berre retta mot andre område.

Mandag 27. april 2009

Denne mandagen var møtet lagt til Trelast AS sine nyutvida og nyoppussa lokale.

Leidulv Hareide og Svanhild Giskeødegård tok mot oss med kaffi og gode kaker.

Etter litt kaffidrikking og kakeeting fortalte Leidulv om Trelast si historie. Hareid Trelast AS vart etablert i 1951, og etter ei tid vart det første spennbetongbygget i området oppført for å hyse bedrifta. "Gamle" Trelast gikk konkurs i 1987, men vart oppstarta på nytt i 1989 med mange av leverandørane og dei tilsette som eigaraar. I 1996 brann bygget. I 1998 starta gjenoppbygginga, 1. etasje vart ferdig i 1998, 2. etasje kom opp seinare. I 2008 kom nytt påbygg med kantine og ny kjøkenavdeling, dette vart opna i april 2009.

Satsingområdet til Trelast AS er trelast/byggevarer, kjøkenavdeling og oppføring av hus. Husavdelinga har hatt størst auke siste åra, dei satsar stort sett på oppføring av hus i Hareid kommune. Ordrereserven er god.

Hovudeigar av Trelast Eigedom AS er no Jasimo AS, og Trelast Eigedom eig 100 % av driftsselskapet Trelast AS. Det er 10 årsverk i bedrifta.

Til slutt fekk vi omvising i den nye avdelinga med Drømmekjøken i mange variantar, og her var mykje fint og sjå!